



Byggraad AS  
Fleslandsvegen 235 A  
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1946 - 16/34724

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.12.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 123/148 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.07.16. Vi viser til våre skriv datert 26.09.16 og 03.10.16 samt supplerande dokumentasjon motteke 27.09.16 og 17.10.16.

Vi viser vidare til avkøyrsløyve gjeve 03.11.16 og løyve til påkobling offentleg vatn- og avlaupsleidning gjeve i sak 16/3338, vedtak datert 25.11.16.

Vi seier oss leie for lang sakshandsamingstid.

### Planstatus

Eigedomen er regulert til bustadføremål i gjeldande reguleringsplan Rissundet/planid.: 1263-28091977, sist endra 10.12.14.

Vi har i vår handsaming av søknaden komme fram til at tiltaket ikkje vil vere i samsvar med § 2.3 tal etasjar. Terreng på eigedomen er ikkje, etter vårt skjønn, tillrettelagt for einebustad på 1.etg. + underetasje. Terreng og storleik på eigedomen tilseier at ei alternativ plassering let seg gjere, og då med einebustad på eit plan.

Det må enten søkjast om dispensasjon frå tal etasjer gjeve i § 2.3 eller søke om ei alternativ bustad på eit plan, evt. med ei anna plassering.

Endring av prosjektet vil måtte nabovarslast, det same gjeld søknad om dispensasjon frå § 2.3 med omsyn til tal etasjar.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå § 2.3 i gjeldande reguleringsplan med omsyn til tal etasjar, eller
2. Søknad om løyve til oppføring av alternativ bustad på eit plan.
3. Tiltak skissert i punkt 1 og 2 skal nabovarslast.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.02.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Byggraad AS

Fleslandsvegen 235 A 5258 BLOMSTERDALEN